

02 AUG 2026
ÅRGANG 59

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet



- 4 Klubben 50 år
- 7 Skaparverkets dag
- 8 Ny ungdomsarbeidar i Arna



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik,
Jorunn Haukås, Erik Rodal,
Björg Marie Akse Kenefe

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 6000
Foto framside: "Spåkefjellet i solnedgang",
Ruth Sofie Steinsland

Neste utgåve: 30. november
Materiellfrist: 23. oktober

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid:
tysdag, torsdag og fredag kl 10-15

Tilsette og kontaktinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen
Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no,
tlf: 957 95 324
Kantor-vikar: Jan Røshol, tlf: 55 36 22 40,
jr948@kyrkja.no.
Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840
Kateket: Gro Eman, ge427@kyrkja.no
Kyrkjelydsarbeidar: Marlyn Hop,
mh824@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd
Open kyrkje: onsdagar kl. 11.30-13.00
Soknerådsleiar: Jorunn Haukås
Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626
Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no
Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Noa og Sakkeus open barnehage
Styrar-vikar: Kristina Dale,
sakkeusopenbhg@outlook.com

Pedagogisk leiar: Møyfrid Opheim,
moyfridopheim@msn.com

Vil du gje ei gåve?

Arna kyrkje	Ytre Arna kyrkje
Konto:	Konto:
1506.60.81157	5081.08.12726
Vipps: 11237	Vipps: 12191



Tankar om tru

Ta Jesus med

«*Ta Jesus med hvorhen du lenges*», hugsar eg mor song for meg då eg var liten, ho ventar no heime hjå Herren. Tredje verset begynner slik: «*Ta Jesus med hvorhen du farer, så skal du aldri fare vil. Da vokter på deg engleskarer om verden lukker øyet til.*»

Hausten fører gjerne med seg ein ny start. Kanskje skal du i gang med eit nytt studium, kan henda med ein ny jobb. Eller er du nygift? – sommaren er høgsesong for bryllaup. For andre er livet på veg tilbake til det normale etter ferietid og stans i mange av dei faste aktivitetane, like fullt: *ein ny start.*

Alle skifte fører med seg farar. Gudsteneste, møte eller eit kristen ungdomslag har vore ein fast post i livet ditt. Nokre har delteke i konfirmantforebuing gjennom året som har gått. Når situasjonen no er annleis, kan det skje at du ikkje kjem i gang att med det du var med på. Du leitar aldri opp ei forsamling på den nye staden. Eller du har vakse frå ungdomslaget og byter det i ingenting. Og du som er konfirmert, kan tenkja: «*No har eg fått med det eg skulle i kyrkja.*» «*Ta Jesus med hvorhen du farer, så skal du aldri fare vil.*»

Eit skifte er òg eit høve til endring. Dei fleste av oss vart døypte til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande då me var små. Me fekk høyra: «*Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Heilage ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd.*» Men så kan det henda den store gáva Gud gav saman med vatnet den dagen, har vorte stua inn i ei kjellarbod og gløymd. Jesus har ikkje hatt nokon plass i livet ditt. No som ein ny haust er komen, kan du snu på det. Du kan leita fram Bibelen og lesa, til dømes begynna i Evangeliet etter Lukas. Heile teksten ligg forresten òg på bibel.no. Her kan du dessutan kvar dag lytta til eit kort avsnitt frå Bibelen. Og så er det rom for deg i kyrkja, på bedehuset eller i ei anna kristen forsamling, både komande sundag og alle andre sundagar. «*Ta Jesus med hvorhen du farer, så skal du aldri fare vil.*»

Eg ynskjer dykk alle ein god haust!



Ingvar Fløysvik

Meir himmel på jord, og meir jord i kyrkja

Det er nesten litt vanskeleg å forstå at det har gått tre år sidan eg vart ordinert til prest og byrja å arbeide i Arna kyrkje. Tre år sidan eg byrja å lære namn, rom og rutinar, bli kjend med aktivitetar, byggje relasjonar og meir til. På den eine sida har tida gått veldig fort, og eg føler at eg nettopp byrja. Samstundes har det vore så naturleg for meg å vere i Arna at det kjennest som om eg har vore her mykje lenger.

I løpet av desse åra har eg fått prøve meg fram i presteyrket og forsøkt å finne min måte å gjere det på. Takk for at de har vist meg tolmod, raushet, og kome med innspel og tilbakemeldingar. Det har eg sett enormt stor pris på. Tusen takk!

Det er mange ting eg kjem til å sakne frå Arna, og eg vil gjerne trekkje fram særleg to ting. Det første er kyrkjekaffiane. Ein heilag stad med kaffi, sveler, prat og høve til å dele litt meir av kvardagen med kvarandre, eller få ein pause frå han dersom det er det vi treng.

Det andre eg særleg kjem til å sakne, er ungdomane i Arna. De er fulle av energi, pågangsmot og spontanitet, og de har omtrent tusen idear om korleis ein kan gjere det kjekt for ungdomar å vere i Arna kyrkje. Tusen takk for at eg har fått følgje dykk litt på vegen! Lukke til vidare!

I treårsperioden min har eg både forsøkt å finne min måte å vere prest på, og samstundes ta visjonen

til Den norske kyrkja på alvor, ved å prøve å skape *meir himmel på jord*. Mellom anna ved å feire mange ulike gudstenester, både spesielle og ordinære, og gudstenester med ulike uttrykk og fokus, der fleire har fått sleppe til og setje sitt preg på gudstenestene. Eg har òg forsøkt å skape *meir himmel på jord* i møta vi har hatt saman. Ved å møte dykk med eit ope blikk og eit varmt smil, eller ved å dele av håpet vi har i Jesus. Det er ikkje alltid eg har fått det til, men det har vore eit ønske.

Det finst mange måtar å arbeide for at det skal vere litt *meir himmel på jord*. Men eg er òg veldig tilhengjar av å få litt *meir jord inn i kyrkja*. Då meiner eg ikkje berre å ta inn ein ny post på bønnevandring, der ein skal så frø og fysisk ta jord inn i kyrkja – sjølv om det òg kan vere veldig kjekt.

Det eg meiner, er at vi må våge å ta meir av liva våre inn i kyrkja og inn i fellesskapa. At vi byggjer ei kyrkje og eit fellesskap der vi lagar endå tryggare og større rom for kva det vil seie å vere menneske.

Å få litt *meir jord inn i kyrkja* handlar om å våge å vere opne for nye impulsar, tankar og idear. Det handlar om å vere opne for nye behov, og kanskje våge å leggje ned noko som ikkje lenger dekkjer behov som finst. Eg er overtydd om at ei levande kyrkje treng å utvikle seg i takt med det levande menneske har behov for og treng – samstundes som ho held fast på det som verkeleg betyr noko: trua på Jesus.



For å gjere dette er ein avhengig av eit lag. Å byggje kyrkje er ikkje eit soloprosjekt, men eit fellesskapsprosjekt. Vi må våge å kome med ønske og behov, og vi må våge å lytte til dei som kjem med dei. Her har eg ikkje alltid strokke til, men eg har gjort så godt eg kan. Takk for nye idear og innspel! Og takk for tolmod og tillit til å gjere noko med dei!

Eg håpar de held fram med dette når eg no takkar for meg. Det er mitt største ønske for Arna kyrkjelyd: at de ikkje er redde for å opne opp, kome med ønske, forslag, sakn og behov. At de er eit fellesskap som toler og tek imot.

Til slutt vil eg takke for meg og for alle gode stunder saman. Takk for engasjement, tid, samarbeid, samtalar og nye tankar.

Guds gode velsigning vidare. Det har vore ei glede.

Og i kjend stil, for nokre av dykk, vil eg avslutte med dei litt for berømte utsendingsorda mine: *Kvil i fred!*

TEKST OG FOTO:
GINA MARIE REISÆTHER-THU

Klubben 50 år

I år markerer 'Klubben' 50-årsjubileum! Dette er truleg den aktiviteten i kyrkjelyden som har halde det gåande lengst og utan avbrot.

Kvar onsdagskveld møtest ein god gjeng til to timar med prat og fellesskap, brettspel og kveldsmat. Kyrkjebladet tok turen innom den siste klubbkvelden før sommarferien.

Irene Minde og Unni Lise Andersen er dei første som kjem inn dørene. Saman med støttekontakt Dagrun inntek dei sin faste vindusplass. Irene hentar eit puslespel, og etter kvart som fleire kjem til, vert det fullt rundt både dette og andre bord.

Dei tre damene får spørsmål om kva som er det beste med Klubben. - Folk og pusling, seier Irene. - Det er sosialt her, og berre greie folk. Og så Frida som er leiar, tomme opp for henne! Eller forresten, to tomlar opp for Frida, smiler Irene.

Unni Lise likar best brettspel og perling. Medan vi pratar, tryllar ho fram to perlehjarte med mønster i vakre fargar, og ein lilla dinosaur. Og aller best likar ho når det er pizza til kvelds.

Klubb-leiar Frida Alva Runge gler seg og til desse timane kvar onsdagskveld.

- Eg likar Klubben fordi det er ein trygg stad for alle, uansett kven du er. Det er noko eige med miljøet her, seier ho.

Dagrun understrekar fellesskapet rundt måltidet som ein sentral del av klubbkvelden, og dei andre er einige. Ein uformell spørjerunde viser at dei fleste ønskjer seg påsmurte skiver på menyen, tett følgt av pølser og pizza. Og eigentleg, kjem dei tre damene fram til, er det ikkje så viktig kva dei et. Det viktigaste er å sitje saman rundt fint dekket bord og prate med dei rundt seg.

Det høyrer ingen klagar på menyen denne kvelden, sommaravslutninga skal markerast med hot-dogs, is og kaffi. Elisabeth og Jan Ove Garnes styrer pølsefesten frå kjøkenet. Dei har full kontroll på både mat og serviettbrekking, og god tid til ein prat med svoltne klubbmedlemmer som stikk innom kjøkenet for å ta eit overblikk.

1. To som stiller velvillig opp til fotografering, er Steinar Mjelde og Torunn Solberg. Dei har begge vore med sidan den første klubbkvelden i 1975! -Torunn, kva som gjer at du framleis kjem hit kvar onsdag? undrar vi. -Det er jo enkelt, det er her eg har venene mine, kjem det kjapt frå den blide 80-åringen.

2. Klubbleiar Frida Runge, Einar Sandstå og medhjelpar Jonas Storli



1, 2 og 4: Sjølv om vanlege klubbkveldar med pusling og ludo er best, er det fint med litt forandring. Kulturkaffe med Arnaringen, tur til Soltun besøksgard og karneval er populære innslag.

Dei siste åra har klubbmedlemene hatt tilbod om å delta på ei tilrettelagt gudsteneste. Ein onsdag i månaden er det ei kort og innhaldsrik samling i kyrkja. Liturgi og salmar er likt kvar gong, dette kjennest trygt og gjev rom for meistring for alle.

Irene trekkjer fram betydninga av å tenne lys i lysgloben under gudstenesta. Fleire rundt bordet nikkar og fortel at når dei har opplevd vonde og vanskelege ting i livet, er det godt å tenne eit lys eller to. Ikkje alle kjem seg til kyrkje på søndagane så det er fint å ha eit slikt tilbod på onsdagskveldane. Etter gudstesta plar klubbkvelden å fortsetje - sjølv sagt med kyrjekaffi og vaflar til kvelds!

Rutinar er viktig på Klubben. Då veit alle kva som skal skje, og det kjennest trygt og godt. To minutt før klokka slår 19, blir det oppbrotssstemning rundt borda. Puslespel, Ludo og Yatzy blir pakka saman, og folk trekkjer mot det fint dekte langbordet. Pølsene kjem på bordet, koppene fyllest med kaffi eller te, og rommet fyllest med glade stemmer. Nøyaktig ein halv time seinare er alle mette og nøgde. Før alle går til sitt, stemmer dei i den faste avslutningssongen 'Fager kveldssol smiler' - ei vakker avslutning på ein fin kveld.

TEKST: MØYFRID OPHEIM
FOTO: ERIK RODAL, MØYFRID OPHEIM



3: Unni Lise og Irene gler seg til pølsefest. 5: Alise Bjørnstad er ein av dei frivillige medarbeidarane. -Det er kjekt å få vere med på Klubben, seier Alise. -Eg vert glad og i godt humør av den trivelege gjengen!



Åge Klausen, som var diakon i Arna for 50 år sidan, fortel dette om oppstarten av Klubben:

I 1975/76 jobba det nye diakoniutvalet i Arna med å avklare kva oppgåver som burde prioriterast i dei komande åra. Eitt av mange spørsmål var: Kor mange fritidstilbod har barn/ unge funksjonshemma i Arna? Til samanlikning vart det kartlagt kva andre barn og unge hadde av fritidstiltak. Svaret vart litt av ein tankevekkjar. Svaret på spørsmålet var 0, medan kartlegginga viste om lag 20 tilbod for 'den andre' gruppa.

Dette måtte me prøve å gjere noko med! Me tok kontakt med ungdomssjef Jan Aas i Bergen kommune. Han vart overgitt over vår dokumentasjon. No kan eg ikkje minnast kor mykje me fekk i etableringstilskott og årleg driftstilskott, men romsleg var det, og me vart veldig inspirerte! Kyrkjelyden sin barnehage, som låg i sokkeletasjen på det nye bedehuset, var tom på sein ettermiddag/kveldstid. Den kunne me med litt tilpassing nytte. Der var full støtte frå sokneråd og friviljuge som ville gjera ein innsats. No kan eg ikkje minnast kor ofte me hadde desse 2-3 timars samlingane. Var det kvar veke? Det eg mintest er at det var utruleg stor glede hos dei 8-10 deltakarane. Mange vart gode vener og er det sikkert framleis. For meg som diakon i kyrkjelyden var det dessutan ei sterk oppleving å sjå og høyre foreldra si glede over dette tiltaket. At dette var noko som dei trong, syner at klubben har vart og at han har vorte for alle aldrar.



Glade damer bak grautgrytene.

Den største glede du kan ha, det er å gjera andre glad!

Dette skreiv vi i minne-bøkene våre då eg gjekk på skulen. Den gongen var bøkene fulle av visdomsord, og dei fleste gjeld også no, 70 år etter at dei vart skrivne.

Som vanleg var det grautlaurdag i kyrkjelydshuset siste laurdag i månaden, slik også 30. mai. Kjøkken-gjengen stilte kl. 11 for å gjera alt klart, med same spenning som kvar gong: Kjem det nokon til oss i dag?

Til vanleg høyrest glade barne-stemmer og lyden av små skritt alt før kl. 12. Men denne dagen var det vaksne stamgjester som kom først. Klokka nærma seg 12.30, berre 5 grautporsjonar var servert. Hadde vi for stor konkurranse med andre arrangement i Arna denne laurdagen?

Brått høyrdest stemmer i gangen, og inn kom dresskledd menn og damer i side kjolar, jamvel ein i

skotsk kilt og fleire i stilige uniformar. «Vi høyrer det er graut å få her», sa ein blid ungdom frå bygda. «Vi har vore i brurevigsle og skal til Osterøy til fest kl.16.» Giss om vi fekk svinga oss på kjøkkenet. Nye saftmugger og rosinskåler var fylte, meir graut varma, og snart var 2 langbord fylte med glade bryllupsgjester frå Noreg, England og Skottland.

Våre stamgjester, som kom litt etter litt, gjorde store augo, dette var vel uventa og moro. Vi fortalde våre nye utanlandske vener at dette var tradisjon kvar siste laurdag i månaden. På spørsmålet om dei likte «porridge», var svaret «oh yes». Og jammen var det nokre som ville ha påfyll. Det vart ei

festlig stund, og godt høve til å få visa fram det vakre kyrkjelyds-huset vårt. Skal tru om ikkje grautlaurdagen i kyrkjelydshuset vert ein av dei opplevingane som blir tatt med og fortalt når bryllupsgjestene dreg heim att over Nordsjøen?

Og som vi skreiv i minnebøkene, den største glede er no å glede andre. Takk frå kjøkkengjengen, som også fekk påskjøning.

Dette var siste grautservering i vår, til hausten er vi å finna over grytene siste laurdag i august.

TEKST OG FOTO: EVELYN HALDORSEN



1. Bryllupsgjester på grautbesøk. 2. Glade gjester på grautlørdag.

Skaparverkets dag i Arna kyrkje

7. juni feira vi guds-teneste på Skaparverkets dag. Kyrkjerommet var blant anna pynta med blomar og sommar-fuglar – symbol på liv, vekst og oppstode. Det minte oss om kor vakkert Guds skaparverk er.

På den andre sida var det pynta med søppelsekkar. Dei peika på forbrukar-samfunnet vi er ein del av, og minte oss om kor mykje plast og søppel som finst rundt oss. Samstundes kan søppelet òg vera eit bilete på det vi ber med oss i våre eigne liv – alt det vi ikkje er nøgde med, det som er vanskeleg, og det vi gjer gale.

I ei gudsteneste kan vi koma fram for Gud med heile livet vårt: både det vakre og det som er mindre fint. Vi kan bera fram takksemnd og glede over alt det gode og vakre i skaparverket, men også uro og frykt for framtida – når vi ser fleire natur-katastrofar og artar som døyr ut.

Vi hadde òg bønnevandring med ulike stasjonar. Ved ein av stasjonane kunne ein leggja ein blom i vatn og sjå korleis han opna seg og falda seg ut. På blomen stod det ein bibeltekst til ettertanke.



Bak i kyrkja kunne ein planta sol-sikker og sukkererter. Desse kunne ein ta med seg heim, følgja med på og sjå korleis det spirer og gror. Slik vart vi minte om at Gud gjev liv, og at han let det veksa fram nytt liv rundt oss.

Elias Mehus, 17 år, preika for oss denne dagen. Nedanfor finn du nokre utdrag frå preika hans.

Vi mennesker har en tendens til å bry oss om noe fordi det gir oss velvilje og validering hos andre mennesker, ikke fordi vi faktisk bryr oss om saken og ansvaret.

Eksempler kan være hvordan vi velger utdanning utifra penger og status, ikke en genuin interesse for samfunnsproblemet jobben er med på å løse. Det kan være hvordan vi legger noe ut noe på sosiale medier som Facebook eller Instagram, ikke for å lagre eller dele et minne med venner og familie, men heller gjøre andre mennesker misunnelige på våre liv og det vi får til. Det kan være hvordan vi kjøper noe basert på hva som trender, det andre liker og det andre vil ha, ikke basert på hva vi selv faktisk liker og vil ha.

Vi vet veldig godt hva som er rett av oss å gjøre. Det får vi hamret inn stadig vekk: Kildesorter, reduser forbruket, kjør mindre bil, handle brukt osv. Men gjør vi det? Jeg tror at flertallet av oss har ganske mye å gå på der.

Vi ser ofte vekk fra ansvaret vårt og velger det som er lettest og mest behagelig for oss, men tyngst og mest ubehagelig for skaperverket.

Elias Mehush holdt preika



Symbolsk dekor i kyrkja på Skaparverkets dag.



Jeg er ikke noe bedre. Senest i går lot jeg en liten brusflaske bli stående ute, istedenfor å ta den med til butikken og pante den. Det er det letteste for meg, men det tyngste for skaper-verket i den situasjonen.

Lik oss mennesker er denne handlingen mikroskopisk i det store bildet, men betyr det at min handling ikke har noen konsekvens? Nei, det gjør jo ikke det. Det er nettopp alle disse mikroskopiske handlingene, som å la flasken stå utenfor, som er med på å gjøre miljøkrisen verre. Men ikke bare det. De små handlingene våre former også holdningene og verdiene våre. De sier noe om hvordan vi ser på ansvaret vi har fått, og hvor viktig vi mener det faktisk er.

Men, på samme måte som de små handlingene våre kan være med på å gjøre miljøkrisen verre, kan de små handlingene med positivt fortegn være med på å gjøre situasjonen bedre. Det å kildesortere, kjøre mindre bil eller kjøpe brukt kommer ikke til å redde verden alene. Men det er en start. Det er med på å forme verdiene våre, holdningene våre og måten vi tenker om forvalteransvaret på.

TEKST: GINA MARIE REISÆTER-THU OG ELIAS MEHUS
FOTO: MARLYN HOP

Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



5 KJAPPE

MARTIN BAKKE SLÅTTSVEN

Spørsmål v/
Björg Marie Akse Kenefe

Jesus i tre ord?



Kjærleik. Håp. Fellesskap.

Dersom Gud hadde sendt deg ein SMS, kva ville det stått i den?



Bygg gode relasjonar og fellesskap. Møt menneske med kjærleik.

Favorittbibelvers?



Efesarbrevet 4:32

«Ver gode mot kvarandre, vis medkjensle og tilgjev kvarandre, slik Gud har tilgjeve dykk i Kristus.»

Dersom du kunne stilt Gud eitt spørsmål, kva ville det vore?



«Korleis kan eg møte andre menneske på den beste måten og vise nestekjærleik i kvardagen?

Kva betyr trua for deg i kvardagen?



Trua handlar for meg om fellesskap – å høyre til, bli møtt med kjærleik og få vere med å skape rom der andre kan oppleve det same.



Kontakt:
Martin Bakke
Slåttsveen,
Ungdomsarbeidar
Tlf: 976 66 456,
E-post:
mb369@kyrkja.no

Martin - ny ungdomsarbeidar i Arna

Ungdomsarbeidet vårt har fått ein god start det siste året, og ungdommane har fått meir eigarskap til kyrkja vår. Arbeidet har òg utvikla seg, og det er no andre behov enn det var i oppstartsfasen. Dette har ført til at vi treng å styrkje laget med ein ungdomsarbeidar. Det har vi no fått, og det er Martin!

Martin Bakke Slåttsveen er tilsett av soknerådet, og stillinga blir finansiert ved gjevarteneste. Så om du ynskjer å støtte ungdomsarbeidet vårt, kan du bli fast gjevar slik at Martin kan gjere ein solid jobb hos oss framover!

Martin er 22 år og byrja i stillinga 27. mai. Tidlegare har han vore tilsett i Os, i ungdomsarbeid der. No går han på vernepleiarutdanning. Vi har stilt han nokre raske spørsmål for å bli litt betre kjende med han.

Kva likar du å gjere når du ikkje er på jobb i Arna?

Eg likar å vere saman med venner og folk eg er glad i. Elles set eg pris på gode opplevingar, vere aktiv og bruke tid på ting som gir energi og fellesskap.

Kvifor ønskjer du å arbeide med ungdom?

Eg ønskjer å arbeide med ungdommar fordi eg ønskjer å vere med og skape ein trygg plass der dei kan kjenne tilhøyrslø, byggje relasjonar og utforske tru. Det er inspirerende å sjå dei engasjere seg og vere med på å forme fellesskapet.

Kva tek du med deg frå Os som kan vere nyttig i arbeidet her i Arna?

Frå arbeidet i Os tek eg med meg mykje erfaring med relasjonsbygging. Eg har lært kor viktig det er å sjå kvar enkelt, vere til stades og skape tillit over tid. Eg tek også med meg erfaring med å byggje inkluderande fellesskap der ungdom kjenner seg velkomne og opplever tilhøyrslø.

Kva er det viktigste for deg i et ungdomsarbeid?

Det viktigaste for meg er at ungdomsarbeidet er av ungdom, for ungdom. Ungdommane må få vere med og påverke, ta ansvar og vere med på



å forme arbeidet. Samtidig er det viktig med trygge vaksne som legg til rette, ser den enkelte og skaper gode rammer for fellesskapet.

Kva håpar du skal kjenneteikne ungdomsarbeidet i Arna?

Eg håpar ungdomsarbeidet i Arna skal vere ein plass der alle ungdommar kjenner seg velkomne og inkluderte. Ein stad der det er rom for å vere seg sjølv, byggje vennskap, utforske trua og oppleve at ein høyrer til. Eg håpar ungdomsarbeidet blir kjent for å vere varmt, inkluderande og prega av ekte fellesskap.

Er det noko du vil seie til slutt?

Til slutt vil eg berre seie at eg ønskjer å vere ein ressurs for heile kyrkjelyden og alle som er ein del av ungdomsarbeidet. Enten du er ungdom, forelder, frivillig eller berre nysgjerrig på kva vi held på med, er eg alltid open for ein prat.

Har du tankar, idear, spørsmål eller ønskjer å bidra på ein eller annan måte, er det berre å ta kontakt. Eg set stor pris på gode samtalar og nye innspel, og håpar å bli kjent med mange av dykk i tida framover.

TEKST: GINA MARIE REISÆTER-THU
FOTO: MARTIN BAKKE SLÅTTSVEN

UngTru – den trygge møteplassen i Arna!

Det skjer mykje spennande i ungdomsarbeidet i Arna kyrkjelyd! UngTru er i stadig utvikling, og denne hausten skjer det mykje nytt. Vi har mellom anna fått ny logo, og fram til jul skal vi prøve ut eit nytt konsept der UngTru-samlingane blir flytta til kyrkjestova – eller ungdomsrommet, som vi likar å kalle det.

Ungdomane har vore med og skapt rommet

Då vi først skulle flytte ned i ungdomsrommet, måtte vi sjølvstendig ein tur på IKEA! Sju engasjerte ungdomar vart med ungdomsarbeidar Martin for å handle inn møblar, pynt og utstyr. Samtidig har vi brukt mykje av det kyrkjelyden allereie hadde. Gjenbruk er viktig, og det er kjekt å kunne kombinere nytt og gammalt. Det beste er kanskje at ungdomane sjølve har vore med på å forme rommet. Når dei får vere med og bestemme, blir det ikkje berre eit rom i kyrkjelydshuset – det blir deira rom.

Vi er også heldige som har eit engasjert ungdomsstyre. Styret er med og planlegg samlingar, kjem med nye idéar og bidreg til å utvikle ungdomsarbeidet vidare. Det er nettopp ungdomane sitt engasjement og eigarskap som gjer UngTru til den møteplassen han er i dag.

Ein innhaldsrik sommar

Sommaren har vore full av liv! Gjennom sommaren har vi samla rundt 20 ungdomar på kvart arrangement. Vi har grilla med prestane under «Grill ein prest», hatt UngTru-samlingar med aktivitetar og topp stemning, sett fotball-VM saman og vore på leir med over



TEKST OG FOTO:
MARTIN BAKKE SLÅTTSVEN



Rom for deg

UngTru er eit tilbod for ungdom frå 8. klasse til 20 år. Hos oss er alle velkomne. Enten du trur mykje, trur litt eller berre er nysgjerrig, er det plass til deg.

Haustens UngTru-samlingar:

5. og 26. sept., 10. og 31. okt.,
7. og 21. nov. 5.–6. des.: overnatting.
19. des.: julebord

KRIK Arna

Visste du at Arna også har sitt eige KRIK-lag? Kvar søndag frå kl. 18.30 til 20.00 samlast ungdom i Lonehallen til aktivitet, idrett og fellesskap. KRIK står for Kristen Idrettskontakt og kombinerer idrett, aktivitet og den kristne trua.

UNGTRU

Følg oss: kyrkja.no/arna FB/IG/TikTok: @ungtru

60 unge. Betre sommar får du ikkje! Det har vore ein sommar med mykje latter, nye vennskap og gode opplevingar. Det er akkurat dette vi ønskjer at UngTru skal vere – ein stad der du kan kome, slappe av, ha det kjekt og møte andre.

Ein spennande haust ventar

No går vi inn i ein haust vi verkeleg gler oss til. I haust skal vi mellom anna markere verdsdagen for psykisk helse med ei eiga UngTru-samling der vi ønskjer å setje fokus på kor viktig det er å ta vare på kvarandre. Vi inviterer også til overnatting etter julespelet i desember, før året blir avslutta med gratis julebord for alle ungdommar i Arna og omegn. Kanskje blir det Arna sitt største julebord for ungdom? Vi håpar at endå fleire ungdommar finn vegen innom i løpet av hausten. Målet vårt er ikkje berre å arrangere aktivitetar, men å byggje eit fellesskap der ungdom kan vekse, få nye vennskap og kjenne at dei høyrer til.

Treningane består av alt frå innebandy og handball til basketball og ulike leikar, og midt i treninga samlast vi til ei kort andakt eller nokre ord til ettertanke.

Vil du vere med på laget?

Ungdomsarbeidet i Arna er i vekst, og vi treng derfor fleire frivillige og fleire faste givarar. Sjå meir informasjon på nettsida vår.

Dagsland til kirkeautunnalen med salmesuksess

Då Sigvart Dagsland gav ut salmeplata i 1995, var han skeptisk. I haust står han på scena i Johanneskyrkja under Bergen kirkeautunnale, 30 år seinare. – Å tolke salmar opnar nye rom i meg, seier Dagsland i samtale med festivalsjef Kjetil Almenning.

20. september syng Dagsland i Johanneskyrkja. Publikum får høyre alle dei tolv salmane frå plata *Det er makt i de foldede hender*.

For hipp til salmeplate?

Då Erik Hillestad i Kirkelig Kulturverksted tok kontakt i 1995, sa Dagsland nei fleire gonger. – Eg tenkte at det var heilt uaktuelt. Eg tenkte eg var altfor hipp og ung, og tykte salmar skulle syngast av gamle folk. Vendepunktet kom då NRK spurde om han ville hylle salmediktaren Trygve Bjerkeim. Også her var Dagsland nølande, men sa til slutt ja til å syngje *Det er makt i de foldede hender*. Etterpå sa han ja til Hillestad. Utvalet av salmar handla om innhald han kunne stå for. – Eg er grunnleggjande opptatt av nåden. Eg tenkjer den er heile hemmelegheita i kristendommen. Han peikar på kyrkja si rolle i kriser. – Når kyrkja opnar dørene etter ein katastrofe og snakkar om kjærleik, det er då den er på sitt sterkaste. Då tenkjer eg at ho er inkluderande slik ho skal vere.



Ein kamp for harmoni

– Har du ein favorittsalme frå plata?
– Jeg er i Herrens hender er veldig sterk for meg, fordi den er så omfamnande, lys og trøystande. Eg elsker óg Lær meg å kjenne dine veie, for den er så desperat. Han trur ikkje nødvendigvis at lidning er ei føresetnad for kunst.
– Eg dyrkar harmoni og venlegheit for alt det er verd. Men så kjem livet med nokre svingingar. Eg ser at smerte kan vere ein læremeister. Dagsland trur ein må ha eit forhold til si eiga smerte for å lage god kunst.
– Elles er det underhaldning. Dei aller beste har ein edge som gjer at dei har besøkt eit eller anna i seg sjølv, som gjer at det blir spennande.
– Trur du denne plata treff noko slikt hos lyttarane?
– Ja... Alle platene er ein kamp for harmoni for meg. I dette tilfelle var det eit område eg ikkje kjende. Men eg var såpass arrogant at eg ville gjere det på min måte. Plata blei laga med Iver Kleive, Terje Rypdal og Ole Edvard Antonsen.

Mysteriet med musikk og kunst

Dagsland fortel at han har eit nært forhold til salmen *Alltid freidig når du går*. – Teksten er heilt fantastisk: “Kjemp for alt hva du har kjær, dø om så det gjelder. Da er livet ei så svært, døden ikke heller”. Den der

svimlande erkjenninga... kokt ned til ein såpass naiv setning. Slitesterk som få. Det er ein av dei salmane vi syng oftast på gamleheimen, seier Almenning.

Festivalsjefen er også domkantor, med musikkandakter for eldre som ein del av arbeidskvardagen.

– Ja, det er noko av det rare med songwriting, seier Dagsland. At musikk og tekst blir større enn seg sjølv. Tenk at du med enderim og gode setningar plutselig kan opne dører for menneske. Det er mysteriet med musikk og kunst.

Full klaff i Johanneskyrkja

30 år etter at plata kom ut, møtest artist og festival i rett tid.
– Eg er glad for at vi gjer dette no, seier Dagsland. Å syngje i kyrkjerommet kjennest naturleg for artisten.
– Det er der salmane kjem frå. Eg gler meg veldig til det!
– Eg har hatt Sigvart i tankane lenge. Og no var det full klaff, avsluttar festivalsjefen.

TEKST: GYRID CECILIE NYGAARD
FOTO: PIA BRÅTHEN

Inspirasjonssamling

Velkommen til inspirasjonssamling i Hjartebanken i Arna torsdag 12. november kl. 19.30.

Vi får besøk av Tor Kristiansen, som vil ha en innledning og en samtale/dialog om frivillighet i kirken. Han har skrevet en bok om dette med tittelen «Helt frivillig i Guds tjeneste». Det blir tradisjonen tro pizza-servering. Vi har derfor behov for å vite hvor mange som kommer.

Påmelding til Stig Stordal tlf. 95254789. Alle er velkomne! Både de som er med, og de som ikke er med i Hjartebanken.



Foto: Hannah Busing / Unsplash

Klubben 50 år

Jubileet vert markert i gudstenesta søndag 30. august kl. 11, med påfølgjande kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

Onsdag 30. september kl 17.30-19.30 er det fest på Klubben! Alle noverande og tidlegare klubbmedlemer med familie, vener og støttekontaktar, frivillige medarbeidarar opp gjennom tidene og alle andre, er varmt velkomne til å feire jubilaranten!



Foto: Peri Stojnic / Unsplash

BASAR for kyrkjelydshuset i Indre Arna
laurdag 19. september kl. 14.

Mykje flott å vinne på loddbooker og årer.
Ringspel for barna med garantert premie.
GRATIS kafe med vafler og kaker, saft, kaffi & te.

Gevinstar vert mottekne med takk,
og kan leverast på kyrkjekontoret.

Loppemarknad

i Ytra Arna kyrkjelydshus
søndag 6. september
etter gudstenesta

Me treng lopper!

Dersom du har noko du vil gje bort, kan du ta kontakt med
Jorunn, 99 51 12 59
før 1. september!

Salg av middag, kaffi,
kaker, syltetøy, saft
og lopper!

Velkommen!
Inntekta går til
kyrkjelydshuset.

Faste aktivitetar:

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl. 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Vi spelar brettspel, har hobbyaktivitetar, filmkveldar, kveldsmåltid og eit ord for kvelden. Klubb-gudsteneste i kyrkja ein gong i månaden, sjå preikelista bak på bladet. Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Møteplassen i Ytre Arna kyrkje-lydshus - Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt føremiddagstreff med prat, kaffi/te og litt å bite i. Ta gjerne med eit handarbeid.

Middag for små & store i Ytre Arna kyrkjelydshus. God heimelaga mat og godt selskap rundt bordet. Kom når det passar mellom kl. 14 og 17. Mat og aktivitet for barna er gratis. Datoar for hausten: 26. aug., 30. sept., 28. okt., 25. nov.

Grautlaurdag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus. Kafé med graut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis.

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne. Hot-dogs, saft og kaffi frå kl. 16.30. Song og leik kl. 17-17.30. Familiekoeret øver i Arna kyrkjelydshus annakvar torsdag (partalsveker).

Ytre Arna Ving for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annakvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt, deretter aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd mm. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben, for deg i 5. klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna bedehus, annakvar torsdag frå kl. 18-20. Første torsdagsklubben etter ferien er 10. sept. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Young - nystarta ungdomsklubb på Haugland bedehus for deg som skal begynna på ungdomsskulen til hausten, og oppover. Vi treffest annakvar søndag frå kl. 18-21, første gongen søndag 30. august. Det blir andakt, lovsong, mat og aktivitetar. Kontakt: Silje Hetlebakke, tlf. 412 94 228. Sjå [hauglandyoung](#) på Instagram for oppdatert info.

Bok til fire-åringar og til seks-åringar

Sundag 6. september kl. 11 blir det gudsteneste for små og store i Ytre Arna kyrkje. Då skal både de som fyller 4 år dette året, og de som fyller 6 år dette året, få «Mi kyrkjebok». Det er sjølvsagt ikkje same boka, de som er 4 år, får ei bok som passar for dykk, og de som er 6 år, får ei bok som er tilpassa at de no er mykje større.



Alle i rett alder som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja og bur i Ytre Arna sokn, får brev med innbyding. Men alle er velkomne, anten de er døypte eller ikkje, ja, endå om de er på besøk frå andre stader! Og så kan de gleda dykk til å høyra barne- og ungdomskoret vårt Non Stop Singing syngja.

Ya Non Stop Singing

YA Non Stop Singing er eit kor for born og ungdom frå 1.klasse og oppover. No er me rundt femten stykke i alderen 6 til 19 år og har det svært kjekt saman.

Me syng i kyrkja på ein del gudstenester, gjerne gudstenester

for små og store. Nokre gonger syng me òg andre stader.

Velkomen til øving i Ytre Arna kyrkje kvar *onsdag kl. 17.30-18.30!*


Leiar: Marianne Vevle Hjortland (mh798@kyrkja.no).

Open barnehage

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid. Her kan du komme saman med barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi har leikar og aktivitetar til alle aldersgrupper, også dei aller minste. Ta med matpakke om du vil ete lunsj med oss. Barnehagane har stengt i skulen sine feriar.

Kristina Dale som er styrarvikar dette året, og pedagogisk leiar Møyfrid Opheim, ønskjer nye og 'gamle' vener velkomne til leik og fellesskap.

Noa open barnehage i Ytre Arna startar opp tysdag 18. august. Opningstidene er: *tysdag og onsdag kl. 9-14.30, torsdag kl. 9-14.*



Sakkeus open barnehage i Indre Arna startar opp måndag 17. august. Sakkeus er open kvar *måndag kl 9-15.*

Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Sakkeus open barnehage for nærare informasjon.

Begge stader er det trivelege leikeplassar som òg kan nyttast utanom opningstidene våre.

Visste du...

- at kyrkja er bygd med tankar frå paktkista og tempelet i Bibelen? Våpenhuset kan minna om føregarden, kyrkjerommet om Det heilage, og koret – særleg altaret – om Det aller heilagste.



50 års konfirmant-jubileum

50 års konfirmantjubiläum med gudsteneste og samling etterpå.

Ytre Arna kyrkje: 20. september
Arna kyrkje: 11. oktober

Det vert sendt innbeding til dei me har adresse til. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du - eller nokon du kjenner - ikkje har fått innbeding.

Temakveld

Temakveld i Ytre Arna kyrkje torsdag 15. oktober kl. 19.00.

Kan pilegrimsbevegelsen gi et møte med det hellige? - når pilegrimstradisjonene gir det hellige form.

Pilegrimsprest Einar Vegge og prost Leif Endre Grutle deltek.

Bibeltimar i Ytre Arna

I haust har Ytre Arna kyrkjelyd tre bibeltimar over Filipparbrevet saman med indremisjonslaga i Ytre Arna og på Haugland. Kvar gong er det anten ein enkel bibel-time med kaffi etter eller ein dobbel bibeltime – med ein kopp kaffi i pausen.

Alle samlingane startar kl 19.00.
14. oktober: Haugland bedehus.
Roar Evensen

21. oktober: Ytre Arna kyrkje.
Ingvar Fløysvik.

28. oktober: Ytre Arna bedehus.
Roar Evensen.

Konsert i Ytre Arna kyrkje - 11. oktober kl 19:30

Konserten byr på variert innhald med klassiske stykke, firhendig pianospel ved Jørn Skaug og Maria Spikkeland, samt songar av MIRIEL. Gratis inngang.



Konfirmasjonar i Arna kyrkje 2026

Søndag 6. sept kl 10.30
Fredrik Dønne Eide
Hanna Nordanger Mæstad
Julian Lending
Malene Kvamme
Thea Dønne

Søndag 6. sept kl 12.30
Aaron André Voldsund Hansen
Adrian Borge
Julian Larsen Heggøy
Leah Hammersland Borge
Lisa Rørbakken
Natalie Paulsen Træland
Nicoline Nesøy Gjerde
Nomi Serine Hitland Olsen
Stian Nordland-Sivertsen
Thea Madeleine Flatås Lie
Tian Andvik Tørnblom

Lørdag 12. sept kl 10.00
Amalie Heggertveit Vik
Benjamin Sveri Fredheim
Elise Solheim Lian
Olav Bakke Myklebust
Sverre Steinhaug
Tiril Birkeland Bertelsen
Torje Furhovden Stenerud

Lørdag 12. sept kl 12.00
Amanda Lohne
Caroline Hennø Kvalvåg
Celine Almberg Bøe
Hanne Stamneshagen Skulstad
Ida Leira
Ida Dønne
Isabella Cortes Selbak
Leonard Korsen Brekke
Lisa Hauge Dijkstra
Madelen Lohne
Magnus Berntsen
Malvin Fredheim Haga
Marta Slåke Larsen
Sebastian Nyteit
Sigrid Moen Simmenes
Victoria Nævdal Brensdal

Lørdag 12. sept kl 14.00
Aleksander Lid Bakervik
Anders Skjerven Standnes
Anton Evensson Eknes
Casper Bjørvik Landro
Didrik Dønne Oppedal
Isak Askeland
Joakim Lavik
Kristin Brattabø
Nikolai Haugsvær
Serina Eriksen
Simen Nicolaisen Mjelde
Wim Meldahl

Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Torill Vik Johannessen
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: [Stamneshagen Auto AS](#)
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen



NorEngros

K.J. Brusdal AS



ARNA

gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946



Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av de frivillige fra venneforeningen.

Arbeidet består av: vedlikehold, skoleundervisning, omvisning, bibliotek-tjeneste og gjennomføring av arrangement.

Ta kontakt om du vil være med.
2011efv@gmail.com, tlf: 45872399



**Espeland Fangeleir
Venneforening**

Hautmesse med Basar

Betania på Lone



laurdag 26. sept

kl 13.30

Sal av handarbeid og heimalage mat. Kafe med kaffi og kaker. Andakt.

Alle inntekter går til skuleprosjekt i Bangladesh.
Haukeland Indremisjon ønsker velkommen.



Natur

*I begynnelsen var Ordet.
Ordet var hos Gud,
og Ordet var Gud.
Han var i begynnelsen
hos Gud.
Alt er blitt til ved ham,
uten ham er ikke
noe blitt til.*

Johannes kap. 1, vers 1-3

Den jord Jesus satte sine
føtter på, er hans, og er
blitt til ved ham. Og uten
ham ville det ikke vært noen
jord eller grønne strå med
humler på eller et menneske
med et kamera.

- Erik Rodal



Foto: Erik Rodal

Fest for alle frivillige i kyrkjene våre - set av datoen:

Arna: torsdag 22. oktober
Ytre Arna: tysdag 3. november

Nærare informasjon
kjem seinare.



Slekters
gang

Arna

Døpte:

Noah Sandal Larsen
Birk Sverdrup Sivertsen
Johannes Eidsnes Indrebø
Mikkel Trefall Andersen
Thalia Van Kempen
Aria Skråmestø Aarem
Annabelle Samdal
Jonas Hellesnes-Svelgen
Bjørnar Laastad
Maia Bjerkenes Garnes
Frida Bjerkenes Garnes
Otto Steffensen Gunnarskog
Sigrid Vågene Osberg
Emma Mjelde Østfold
Theodor Steensen Sivertsen
Julian Hereide Hausvik
Sigve Sandvik Ellefsen
Ellinor Sophia Øvretveit
Madsen
Mathilde Hagbø-Henanger
Vilma Angell Norheim
Jorunn Ytreland Skage
Dennis Grenasberg Overvoll
Stian Norland-Sivertsen
Aksel Johan Søreide
Martin Eltun Tvedt
Alexander Rolland
Jørgensen
Lilly Mohn Talhaug
Gabrielle Lind Knutsen
Ingrid Kvamme Heimdal
Lukas Hjortland
Emily Eide Songstad
Aleksander Lid Bakervik
Amanda Lohne
Madelen Lohne
Ragnhild Iveranna
Hogstad Jordahl
Fillip Solsvik Fjeldberg

Vigde:

Caroline Tveterås Sylta &
Jacob Christopher Joseph
Brown
Ingvild Revheim Skjoldal
& Simen Skjoldal Vik

Camilla Schnelle &
Glenn André Aarbakke
Mathias Ebbesen &
Ingrid Linnea Eilertsen

Silje-Marie Hagebø Bratland
& Atle Bratland

Roy Ove Ebbesen &
Edelmira Rodriguez-
Ebbesen

Eline Fjærestad Dalseth
& Øystein Gilje Dybvik

Espen Andreassen &
Shauna G. Perry.

Christine Mjelde
& Ole Karlsen

Siren Borge Erstad &
Andreas Dukstad

Døde:

Leif Kvalvåg
Margun Sørvik
Laila Sivertsen
Helga Olsen
Marny Irene Rysjedal
Irene Bakervik
Gunnhild Eide
Helge Gudmundsen
Finn Kristian Sørensen
Kåre Johan Bjarne Fjeldstad
Aud Hope
Svein Markeset
Reidar Pedersen
Magne Lundeng
Nils Aarbø
Audun Solberg
Helga Thue Aardal
Knut Reigstad
Birgit Hagen Jacobsen
Jorunn Aas
Siren Myking
Kjell Arne Mjelde
Ragnhild Konglevoll

Klara Tunes
Lilly Lohne
Anders Lohne
Kjell Iversen
Marie Hatlebrekke Minde
Kåre Bernhard Hamre
Svein Midtun
Jenny Aslaug Mjelde
Asbjørn Hartveit
Gunnstein Skagen

Ytre Arna

Døpte:

Harald Aarsand Fløysvik
Mathilde Hagebø-
Henanger
Filippa Vatne Nygard
Malte Vatne Nygard

Døde:

Knut Arne Holm
Ronny Torvund
Oddmund Torvund
Evelyn Blom
Helge Ingvar Villanger

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.

Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

23.08.

13. søndag i treeiningstida

Matt 25,14-30

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. 4- og 6-årsbok. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Konfirmant-presentasjon. Fløysvik.

26.08.

Arna kyrkje kl. 18:30

Klubbguðsteneste. Fløysvik.

30.08.

Vingardssundagen

Matt 20,1-16

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for alle. Klubben 50 år. Reisæter-Thu.

06.09.

15. søndag i treeiningstida

Matt 5,38-48

Arna kyrkje kl. 10.30

og 12.30:

Konfirmasjonsgudsteneste. Snipsøy/Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar. Fløysvik. Non Stop singing.

12.09.

Arna kyrkje kl. 10, 12 og 14:

Konfirmasjonsgudsteneste. Snipsøy/Reisæter-Thu.

13.09.

16. søndag i treeiningstida

Mark 7, 31-37

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

20.09.

17. søndag i treeiningstida

Joh 11,17-29 og eller 30-46

Arna kyrkje kl. 11:

Ungdomsgudsteneste. Avskil med Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik. Ytre Arna vokal. 50-årskonf.

23.09.

Arna kyrkje kl. 18:30

Klubbguðsteneste. Fløysvik.

27.09.

18. søndag i treeiningstida

Matt 8,14-17

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Konfirmant-presentasjon.

04.10.

19. søndag i treeiningstida

Matt 5,20-26

Arna kyrkje kl. 11.00:

Gudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

11.10.

20. søndag i treeiningstida

Joh 11,1-5

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. 50-årskonf. Moen.

14.10.

Arna kyrkje kl. 18:30

Klubbguðsteneste. Moen.

18.10.

21. søndag i treeiningstida

Matt 22,15-22

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Haustrakkefest for små og store. Non Stop singing.

25.10.

Bots- og bøneda

Luk 13,22-30

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

01.11.

Helgemessesundag

Matt 5,1-12/Joh 6,37-40

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Arna kyrkje kl. 17:

Minnegudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

08.11.

24. søndag i treeiningstida

Joh 6,63-69

Arna kyrkje kl. 18.30:

Gudsteneste.

15.11.

25. søndag i treeiningstida

Mark 2,1-12

Arna kyrkje kl. 17:

Gudsteneste for små og store.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik. Arna og Ytre Arna kyrkjekor.

18.11.

Arna kyrkje kl. 18:30

Klubbguðsteneste. Fløysvik.

22.11

Domssundagen/Kristi

kongeda Matt 25,31-46

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

29.11.

1. søndag i adventstida

Luk 4,16-22A

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Lys vaken. Fløysvik. Non Stop Singing.

Ytre Arna kyrkje kl. 19:

Lysmesse. Konfirmatane. Fløysvik.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.

